

Soga om Børge Askehausen og ballsveinane hans

Av Guttorm Ulla - 1974

Det var i året 974 at det levde ein kar på Haramsøy som heitte Børge Askehausen. Han kom sunnanfrå Rygariket og slo seg ned på Haramsøy og vart herse over ballsveinane der. Det var dei som sparka ball på marki ovanfor ho Olga Syngjedros (avdi ho var så flink til å syngje).

Om vinteren sprang ballsveinane rundt som galningar og skremde vitet av alle Haramsvikingar som våga seg utandørs på kveldstid. Fremst i sveineflokken sprang Ingvar Mjøsmann. Av andre kan nemnast Gunnar Raude og Knut Attgrodde.

Då snøen smelta og fuglane kom att frå Sudrlanda, byrja sveinane å sprake på mark. Sume av ballsveinane hadde reist frå øyi for å skaffe seg visdom og læra seg framandlandske runar. Mange av dei var ved Vold lærerestate, andre heldt til i Borgundkaupangen og Pomre Ordkaute var i Nidaros. Atter andre tente i hirdi, - alle kom dei farande heim for å vere med å sprake ball.

Vikinghovdingane Magnus og Jørgen i Skaret gjorde klar langskipa sine, og så drog sveinane på hærferd til Harøy, Vigra og andre stader der dei herja stygt. Soga seier og at oftast var langskipa lasta til randa med vikingar som var med for å hjelpe sveinane i striden. Likast var det når sveineflokken kom heim med siger over "Demmagutta" i Borgundkaupangen. Men soga seier og at sveinane ikkje alltid vann siger, men det gjorde ikkje noko for det viktigaste var at ein var med i striden.

Merkesmennene til sveinane (det var dei som avgjorde kven som skulle sparka og kven som skulle sjå på) var Kåre Neskonge, Bondehersen Kåre frå Ulla og Karsten Fredsæle. Dei måtte tolle mykje hard kritikk og mange vondord, og når sveinane tapte, var det dei som fekk skulda.

I Fylgjeflokken var mange gjeve menn og kvinner samla. Her fann vi Håvard Kaupmann frå Vika, Anders Stolpedengjar, Olga Syngjedros, Kalle Kaupmann, Bjørg Peiledame frå Haram, Otto Kroneteljar og mange fleire. Mange i Fylgjeflokken kom med harde ord og var sur når sveinane tapte. Då var alt gale,

tykte dei, og ikkje noko var bra. Men når sveinane vann i striden, var alt vel, og alle var glade. Dei som var slik, var lite populær hos sveinane, men det skjøna dei ikkje.

Sveinane gjorde mange hærferder rundt om på Møre, men etter midtsommarblotet rusta sveinane seg ut til langferd til Gudbrandsdalen. Ille herja mørkingane der og lite siger vann dei.

Verste fienden sveinane hadde var "Svartemannen med fløyta". Han såg til at striden gjekk til på høveleg vis, men det var sveinane lite interesserte i. Mange fløytemenn fekk hard og urettvis kritikk, men soga seier og at sume av dei trondde eit sanningsord med på vegen.

Framimot nyåret vart det halde midtvintersblot på Austneset. Her var mykje gjevt folk samla til gaman. Alle var glade og nøgde, seier soga, og merkesmennene og sveinane nyttet høvet til å seie fram lovord til kvarandre, og rose kvarandre for kor flinke og dugande dei var.

Ein ukjend skald har skrive dette kvadet om festen:

Dulgt det var i hovet
når sveinane blota.
Mat i magen
Ijos på bordet.
Trakka dansen gjorde Haramsvikingen.
Men den som ville nyta mjøden,
måtte løyndsamt lovene bryta.
for soleis var lovene laga.

Og her sluttar soga om Børge Askehausen og ballsveinane hans.